

Kamp om styrepass i Sau og Geit

Årsmøte. Leiringa i Norsk Sau og Geit blei attvald på årsmøtet. Det blei kampvotering om ein styrepass etter eit benkeforslag.

Kjell Erik Berntsen frå Rennebu blei attvald som leiar i Norsk Sau og Geit på årsmøtet torsdag.

Pål Skoe Kjorstad held også fram som nestleiar. Det er i tråd med innstillinga frå valkomiteen.

Valkomiteen innstilte på førehand med attval av Hilmar Kleppe som styremedlem. Han fekk eit benkeforslag mot seg og tapte voteringa mot motkandidaten Terje Benjaminsen, som

av valkomiteen var innstilt som 1. vara. Benjaminsen fekk 32 stemmer mot 28 stemmer til Kleppe.

Valet gjekk elles etter innstillinga frå valnemnda. Anne Kari Leiråmo Snejfellå og Torill Undheim blei attvalde som styremedlemer. Sigurd Vikesland og Else Horge Asplin var ikkje på val.

Marianne Hermansen Meidell rykka opp frå 2. vara til 1. vara, Marthe Dypdal rykka opp frå 3. vara til 2. vara og Kjetil Rødland blei vald til ny 3. vara.



Foto: Privat

• Landbruk



– Småfe gir 18 milliardar kroner i ringverknader

Ringverknader: Sauenæringa bidreg også til å oppretthalde kulturlandskapet og til andre fellesgoder som biologisk mangfold, ifølgje rapport. Her frå øya Ombo i Rogaland i slutt

Sauer og geiter sysselset 10.000 årsverk og gir 18 milliardar kroner i ringverknader, ifølgje rapport.

På årsmøtet i Norsk Sau og Geit onsdag la AgriAnalyse fram rapporten «Småfenæringen – største sektoren i norsk jordbruk».

I rapporten kjem det fram at sauver og geiter sysselset totalt 10.400 årsverk her i landet, der 8700 av årsverka er på sauebruk. Årsverka er spreidd over heile landet der 420 av landets 429 kommunar har sauebruk.

Totalle ringverknader av næringa er rekna til 18,2 milliardar

kroner. Om ein tek med kjøp av varer og tenester bidreg næringa til ei samla sysselsetting på rundt 17.000 årsverk, ifølgje Christian Anton Smedshaug. Han er medforfattar av rapporten og dagleg leiar i AgriAnalyse.

– Småfenæringa bidreg til stor verdiskaping i Bygde-Norge og er ei av dei viktigaste distriktsnæringane vi har. I ei tid når vi skal omstille økonomien og styrke Fastlands-Norge, så er småfenæ-

ringa viktig, seier Smedshaug, som viser til at Norge i fjor hadde eit handelsunderskot på 243 milliardar kroner når ein held oljenæringeran utanom.

– Held landet i hevd

Verdiskapinga i småfenæringa målt i bruttonasjonalprodukt (BNP) er ifølgje rapporten på fem milliardar kroner. Smedshaug forklarar det som verdiskaping trekt frå kostnader til kjøp av innsatsfaktorar som arbeid eller til dømes kraftfør.

Statens kjøp av tenester frå småfenæringa, eller samla støttesum, er ifølgje rapporten på 3,2 milliardar kroner medan

marknadsinntektene er på 1,9 milliardar kroner. Smedshaug viser til at samfunnet får tilbake fellesgoder i form av alt frå levande bygder og kulturlandskap til biologisk mangfold og matvaretryggleik.

– Ved å sleppe sauver og geiter

på utmarksbeite held småfenæringa i hevd rundt ein tredel av det totale arealet her i landet. I tillegg nyttar småfenæringa 27 prosent av det dyrka arealet til grovfôr, seier Smedshaug, som seier næringa dermed spelar ei avgjerande rolle for kultur-

– Viktig næring

«I ei tid når vi skal omstille økonomien og styrke Fastlands-Norge, så er småfenæringa viktig.»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse



Utvalg vil ha varslerombud

Varslersaker. Et ekspertutvalg vil styrke varslersystemet gjennom å opprette et eget ombud, en nemnd og se på muligheten for å øke erstatninger i varslersaker.

Utvælget, som har vært ledet av **Anne Cathrine Frøstrup**, overleverte sin utredning til arbeids- og sosialminister Anniken Hauglie (H) torsdag.

De fleste varslersakene går

bra, understreket Frøstrup. Hun viste til at i 49 prosent av sakene mente varsleren at det hjalp, mens 3 prosent svarte at situasjonen ble verre. Likevel kan det gå riktig ille når det først går galt, med enorme personlige kostnader, påpekte hun.

– Dette er det altfor mange nedslående eksempler på, sier hun. ©NTB



Foto: Torstein Bøe / NTB scanpix



Foto: Marianne Tvete



Fakta

Småfønæringa

- 14.718 bønder dreiv med sau og 1268 hadde geiter i juli 2016, noko som utgjer 39 % av alle bønder. Sidan 2013 har det blitt over 200 fleire sauebønder medan talet på geitebønder har vore nokså stabilt.
- I 2016 gav produksjonen salsinntekter på 1164 mill. kr for kjøtt, 143 mill. kr for ull, 121 mill. kr for geitemjølk og næringa hadde vel ein halv mrd. i andre inntekter. Statens kjøp av tenester (budsjettstøtta) var på 3224 mill. kr.
- Samla ringverknader frå næringa er på 18,2 mrd. kr og BNP-bidraget er på 5 mrd. kr. Nærings sysselset 10.400 årsverk, eller rundt 17.000 årsverk medrekna kjøp av varer og tenester.

KJELDE: «SMÅFØNÆRINGEN - STØRSTE SEKTOREN IN NORSK JORDBRUK» FRÅ AGRIANALYSE

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

ten av november i fjor.

landskapet og det biologiske mangfaldet her i landet.

Avviser sentralisering

Smedshaug seier tala i rapporten slår ihel fleire mytar, som påstandar om at næringa blir stadig meir sentralisert og at kraftfører erstattar beiting.

– I makrotala er det ingenting som tyder på at kraftfør har erstattat bruk av beite. Ingenting tyder på at sauene yt meir og beter mindre. I snitt har avdrætten i kilo frå kvar sau vore ganske stabil sidan tusenårsskiftet og samla føroptak frå utmarksbeite har vore ganske stabil sidan 30-talet, seier Smedshaug.

Han viser også til at 85 prosent av sauene var på utmarksbeite i 2017 og at det totale talet sauere på utmarksbeite er på same nivå som på slutten av 90-talet.

– Ingenting tyder på at bruken av utmarksbeite er svekka. Det er stimulert ytterlegare til utmarksbeiting og sidan 2012 har talet på sauere slept på utmarksbeite auka, seier Smedshaug, som seier sauene framleis i stor grad er eit utmarksdyr.

– Kva med påstandar om at næringa blir meir sentralisert?

– Ut frå tala kan ein ikkje påstå at det skjer ei sentralisering. Sidan 1947 har det blitt færre sauere i alle fylke utanom Oppland, og Hed-

mark er fylket med minst nedgang. Av dei nær 2,5 millionar sauene her i landet er det berre vel to prosent som har tilhald på gardsbruk i fylka rundt Oslo-fjorden. Om det har skjedd ein vekst der dei siste åra, så har det skjedd frå eit veldig lågt nivå, seier Smedshaug.

– Men sauetalet har auka i Rogaland dei siste åra?

– Det har ikkje vi sett på, men mykje av sauene i Rogaland er i distriktsområda. Eg meiner det ikkje er grunnlag for å seie at det har skjedd ei sentralisering av næringa, seier Smedshaug.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

Glade griser og høner i bur?

Onsdag 21. mars kl 19.00
Garborgsenteret, Bryne

Interessen for maten vi et og måten han blir produsert på aukar.

Rema 1000 og Kiwi vil berre selje egg frå frittgåande høns. Blir vi meir engasjerte av ein sot grisunge enn av hakkande høner og kalde fiskar?

Paneldiskusjon:

- **Kva er god dyrevelferd?**
- **Kven skal bestemme kva som er god dyrevelferd?**
- **Kva vil folk eigentlig ha på matbordet, og kor mykje er dei villige til å betale for å få det?**

Media og dyrevelferd:

Irene Halvorsen, sjefredaktør i Nationen
Bothild Åslaugsdotter Nordsletten, redaktør i Bondevennen

Paneldebatt med:

Per Inge Egeland, leiar av Norsvin Rogaland
Kristian Ellingsen-Dalskau, forskar på dyrevelferd ved Veterinærinstituttet
Live Kleveland, kommunikasjonsleiar i Dyrevernalliansen

Tone Steinsland, styremedlem i Norsk Fjørfelag og eigar av Steinsland & Co as
Møteleiar: Tom Hetland

Arrangementet er gratis.
Bondevennen er medarrangør

